



Norges vassdrags- og energidirektorat  
Pb. 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

Dykkar referanse:  
201801666-33

Sakshandsamar:  
Oddbjørn Sellevoll  
Tlf. 57612723

Vår referanse:  
18/3199-4-OSE-  
FA - S82

Dato:  
19.10.2018

## Nasjonal ramme for vindkraft på land - Lokale og regionale interesser analyseområde 19

Syner til brev om nasjonal ramme for vindkraft på land datert, 08.06.2018 (ref. 201801666-6) og 05.09.2018 (ref. 201801666-33). Det blir i breva invitert til å kome med innspel til det pågående arbeidet med den nasjonale ramma.

Frist for å kome med innspel er 20. oktober 2018.

### Bakgrunn:

Norges vassdrags- og energidirektorat(NVE) jobbar med å utarbeide forslag til nasjonal ramme for vinkraft på land. Formålet med den nasjonale ramma er å bidra til at dei beste vindkraftlokalitetane blir valde når det vert søkt om konsesjon.

Oppdraget/arbeidet er bestilt av Olje- og energidirektoratet (OED). Områda skal veljast ut med utgangspunkt i vindressursar og nettkapasitet og avstemmast mot andre viktige miljø og samfunnsomsyn (arealanalyser).

NVE er ute etter fagleg informasjon, og det blir presisert at dette ikkje er ei høyring av den nasjonale ramma for vindkraft. I denne innspelsrunden vil NVE sikre seg at dei fangar opp tilstrekkeleg informasjon for dei ulike analyseområda i landet.

NVE sitt framlegg vil bli sendt på høyring i regi av OED, og det vil vere i den runden politiske innspel og generelle synspunkt på den nasjonale ramma, må leggast fram.

### Vurdering:

Det er 43 analyseområder i landet, og det er eigne kart for kvart område. I det vidare arbeidet skal NVE gjennomføre overordna analyse for alle områda for å koma fram til dei mest egna områda for vindkraft i Norge.

Gjennom 'hard og mjuk eksklusjon' ekskluderas lite egna område noko som gjev grunnlagskart som blir eit godt utgangspunkt for det vidare analysearbeidet. Hard og mjuk eksklusjon er definert slik:

*Med «hard eksklusjon» menes eksklusjon av arealer som er uaktuelle for vindkraftutbygging på grunn av teknisk/økonomiske forhold, eller på grunn av at arealene*

*er formelt vernet eller tilsvarende. Med «myk eksklusjon» menes eksklusjon av arealer der virkninger for én enkeltinteresse i mange tilfeller tilsier at det ikke bør bygges vindkraftverk.*

Førde kommune har areal som er med i analyseområde 19. Området er avgrensa i nord av Vassenden, Langeland og Førdefjorden om lag ved Ervik. I vest Bulandet og Solund, og i sør Sognefjorden inn til Lånefjorden. Derfrå nordaust gjennom fjella i Balestrand og Gaular, og tilbake gjennom sørvestlege fjellområde i Jølster.

Etter at område med eksklusjonar er tekne ut, er det ei sterk fragmentering av areala i område 19 som då skal avklarast nærare i arealanalyser.

Eit særskilt viktig grunnlag for det vidare arbeidet er digitale nasjonale/landsdekkande register/baser. Det er ei utfordring at få baser er landsdekkande, og at kvaliteten er varierande. For å få eit best mogleg kunnskapsgrunnlag har NVE fått utarbeida i alt [19 temarapportar](#). Rapportane synleggjer verknaden vindkraft har for kvart tema, og kva som samla sett er dei mest sentrale problemstillingane knytt til landbasert vindkraft.

### Innspel:

Frå 01.01.2020 vert Førde- Jølster, Naustdal (ikkje med i område 19) og Gaular kommune slegne saman til Sunnfjord kommune. Vi ser det difor som naturleg å også gi informasjon om for oss aktuelle kjende tilhøve på områder i Gaular og Jølster. Etter eksklusjonar (harde og mijuke), ser vi at det for våre områder i stor grad er fragmenterte høgareliggende fjellområde som skal analyserast vidare.

Generelt syner vi til at framføring av liner/kablar, veg mm. vil nødvendigvis ha konsekvensar/føre til inngrep i vesentleg større områder enn sjølve vindparkane. Det vil også føre til inngrep i ekskluderte områder.

Vi vil gje informasjon til følgjande tema: Friluftsliv, landskap, villrein og andre naturverdiar.

### Friluftsliv:

- Det meste av fjell og utmarksareal i våre områder nytta til friluftsliv. Fjellområda ligg tett på der folk bur og er lett tilgjengelege. Førde er den største tettstaden i fylket og ein stor del av befolkninga i nye Sunnfjord kommune er aktive friluftsfolk.
- Kartlegging og verdsetting av friluftslivområde er i oppstarten i Førde og Gaular. Det betyr at kunnskapen om kva område som har høgast verdi, lokalt, regionalt og eventuelt nasjonalt har manglar. Jølster kommune er ferdig med dette arbeidet og opplysningene for Jølster er tilgjengeleg på naturbase.no og fylkesatlas.no.
- Førde har for aktuelle analyseområder felles grense mot Jølster, og det er innfallsportar til dei same fjellområda frå begge kommunar. Det er stort sannsyn for at den verdien desse områda har fått, i kartlegginga av friluftslivområder i Jølster, vil og må bli tilnærma likt vurdert i Førde.
- Område på / kring fjellet Fauskevarden i Førde er med i det vidare analysearbeidet. Dette området er særskilt mykje nytta til lokalt friluftsliv heile året, og er eit av fleire nærturområde som Førde kommune har profilert særskilt, både for lokalbefolking og turistar.
- Sør vest for fjellområda kring Fauskevarden ligg fjella Likkjehesten, Storehesten (Kvamshesten) og Blægja. Heile dette fjellmassivet og toppane er eit viktig friluftslivområde. Det blir årleg arrangert motbakkeløp (internasjonalt) til Storehesten.
- Vi ser at fjellområder på Gaularfjellet også er med vidare. I tillegg til Gaularfjellet er eit viktig område for friluftsliv, så er vegen over der (rv 13) nasjonal turistveg.

Landskap:

Vi synet til opplysningar henta frå fylkesatlas.no

- Kvamshesten, er på landskapsverdi – lokalt nivå registrert som landskapstype Storforma fjellmassiv.
- Landskapsverdi på regionalt nivå (landskapssamanhangar) verdi B.(landslandskapsregion 15 og 20).

Villrein:

- Sunnfjordfjella villreinområde ligg inne i område 19. Områder som er viktige for villreinen er ikkje ekskludert og er med i det vidare analysearbeidet slik det ligg føre no.
- Sunnfjordfjella er ikkje nasjonalt villreinområde, men villreinen her er viktig, og har stor lokalverdi (jakt og friluftsliv).

Andre naturtilhøve:

- Områder knytt til nedslagsfeltet for Gaulavassdraget, verneplan IV for vassdrag og Storelva (Laukeland) Verneplan III skal analyserast. Vi syner til forskrift om rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag.
- Delar av områda som skal analyserast ligg tett opp til Jostedalsbreen nasjonalpark (Grovabreen, Jostefonn).

Med helsing

Lise Mari Haugen  
Rådmann

Oddbjørn Sellevoll  
Rådgjevar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

**Kopi til:**

Gaular kommune v/Truls Hansen Folkestad	Vadheimsvegen 15	6973	SANDE I SUNNFJORD
Jølster kommune v/Joar Helgheim	Ospene 1	6843	SKEI I JØLSTER

**Vedlegg:**

Analysområde 19

Analyseområde 19 med eksklusjonar